

Referat frå årsmøte

i Gloppen Janitsjar onsdag 9. februar 2011
kl 2030 på Firda vidaregåande skule

Leiar Bernt Reed opna årsmøtet og tok opprop.

Til stades ved opninga: Audhild Bogstad, Britt Rønneklev Mølmann, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad, Norhild Holme, Solveig Tørudstad, Synne Marte Parvati Myklebust, Didrik Eide, Espen Hjelmeland, Henrik Y. Runshaug, Ingvild Førde, Margunn A. Evebø, Reidun Kjørvik Førde, Roger Andreas Holme, Arvid Jordanger, Heidi Fure Klausen, Eva Fitje Holme, Silje Engeland, Vigdis Henden, Bjørn Inge Solheim, Jon G. Eide, Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust, Bernt Reed, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann, Rune Støyva, Thomas Røgeberg, Torgrim Halse, John Rune Ødven

Det er 32 røysteføre til stades ved starten av årsmøtet.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kunngjort på øving i korpset 19. januar, og gjort offentleg kjent på korpset sine nettsider 20. januar. Sakliste og årsmøtepapir var gjort tilgjengeleg for medlemmane på epost og på nettsidene onsdag 2. februar.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Bernt Reed er møteleiar

Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Geir Skagen er møtereferent

Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Det vart gjort framlegg om at Gunnar Eide og Rune Støyva signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Gunnar Eide og Rune Støyva signerer møteprotokollen saman med leiar.

Årsmelding

I 2010 vart «Sommarnatt ved fjorden» med gjestedirigent Bjørn Sagstad på våren og både teknisk avvikling av og deltaking på Nordvestmesterskapen i november viktig. Korpset deltok også på Gloppen kulturskule sitt 30 års-jubileum.

Bernt Reed (sign)

Gunnar Eide (sign)

Rune Støyva (sign)

Året elles baud på dei faste spelingane; korpsbasar i Hyen, Påskebasar i Breim, Breimstafetten, 17. mai, Førjulstreff og adventskonsertar. Styret har hatt fire møte og handsama 21 saker. Året starta med 34 medlemmer, men ved årsslutt talde korpset 43 medlemmer.

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side og det kom ingen endringar.

Vedtak: Årsmeldinga for sesongen 2010 er godkjent.

Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapen vart lagt fram med eit underskot på kr 57 136,69 kroner.

Revisorane har gått gjennom rekneskapen og skriv at «rekneskapen er revidert og funnen rett i følgje bilaga».

Kasserar Reidun Kjørvik Førde orienterte om dei ulike punkta i rekneskapen og svarte på spørsmål. Det kom ingen kommentarar til rekneskapen.

Vedtak: Rekneskap for 2010 er godkjent utan merknad.

Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker

Arbeidsplan

Styret og musikkutvalet har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for komande arbeidsår og nokre hovudmål i eit treårsperspektivplan. Våren inneholdt deltaking på NM i janitsjar i Trondheim, og elles dei vanlege faste aktivitetane. På hausten er det lagt opp til eit musikalsk samarbeid med Breimskoret, og deltaking på Nordvestmeisterskapen (NVM) 2011 i Måløy, før dei vanlege førjuls-aktivitetane. Forutsetninga for at dette skal gå er at repertoaret på NVM er samordne med Skotårsdagskalla 2012.

For 2012 vert det lagt opp til at vi satsar på Skotårsdagskalla for tredje gong, og at det vert Sommarnatt ved fjorden i smai/juni. Seinare er det framleis eit mål å få på plass ein konsert med Helge Sunde, Børge Are Halvorsen og Arve Henriksen.

Framlegget vart retningsgjevande og det var samråystes semje om tiltaka i årsmøtet.

Vedtak: Arbeidsplanen er godkjent.

Kontingent

Kontingenoten i Gloppen Janitsjar vart heva til 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skulelevar i 2009, og styret foreslo å halde fast på dette.

Vedtak: Kontingenoten i Gloppen Janitsjar vert kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skulelevar.

Budsjett

Styret presenterte eit budsjett for komande sesong som er balansert på 427 300,- kroner. Budsjettet speglar satsinga til korpset, der mellom anna deltaking på NM i april ligg tungt inne.

Vedtak: Budsjett for 2010 vart godkjent med endringar, og balanserer no på 300 000 kroner.

Bernt Reed (sign)

Gunnar Eide (sign)

Rune Støyva (sign)

Val

I styret står leiar Bernt Reed og sekretær Geir Skagen begge på val i år, og begge har takka ja til attval. 2. vara Eva Fitje Holme har takka nei til attval for ei ny periode. Marita Elise Holme og Solveig Tørudstad har også takka nei til å halde fram i høvesvis musikkutval og sosialkomité. Valnemnda ved Ingrid Sundal Søreide presenterte dette framlegget til styre og utval:

Styret

| | | |
|--------------|----------------------|--------|
| Leiar: | Bernt Reed | Attval |
| Nestleiar: | Gunnar Eide | |
| Kasserar: | Reidun Kjørvik Førde | |
| Sekretær: | Geir Skagen | Attval |
| Styremedlem: | Hanne Lyngstad | |
| 1. vara.: | Ole Henrik Mølmann | Attval |
| 2. vara.: | Arvid Jordanger | Ny |

Musikkutval

| | |
|---------------------------|--------|
| Ole Henrik Mølmann, leiar | Attval |
| Bjørn Inge Solheim | Attval |
| Torgrim Halse | Ny |
| Dirigent | |

Sosialkomité

| | |
|--------------------|--------|
| Didrik Eide | Attval |
| Heidi Fure Klausen | Attval |
| Elin Nikoline Vie | Ny |

Revisorar

| | |
|-----------------------------------|--------|
| Didrik Eide og Heidi Fure Klausen | Attval |
|-----------------------------------|--------|

Det var ikkje andre framlegg til val enn innstillinga frå valnemnda.

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmer og utvalmedlemmer er godkjent ved akklamsjon.

Styret la fram framlegg til valnemnd slik:

Valnemnd 2012

| | |
|-----------------------|--------|
| Ingrid Sundal Søreide | Attval |
| Eivind Kjørvik | Attval |
| Eva Fitje Holme | Ny |

Det kom ikkje andre framlegg enn innstillinga til valnemnd.

Vedtak: Styret sitt framlegg til valnemnd er godkjent ved akklamsjon.

Sandane 9. februar 2011

Geir Skagen

referent

Bernt Reed (sign)

Gunnar Eide (sign)

Rune Støyva (sign)